



Opsangervågen Veteranbåtlag ved brørne Hammerø eig ein veteranbåt som saknar sidestykke. Det er mineleggjaren Tyr, som er kjent frå krigsdagane i Uskedalen i 1940. Av fartøyvernmidlar i 2013 er det løyvd 60 000 til restaurering og drift.

M/F Bjørn West var mineleggjaren TYR fram til 1946, Fartyet, ført av kaptein Ulstrup, var saman med vaktbåtar og torpedobåtar, med i kampane i Kvinnherad. Desse hendingane er godt dokumentert i krigshistoriske kjelder.

Fartyet vart bygd i Horten i 1887 og var mobilisert både i 1905 og under dei to verdskrigane. Opprinneleg var det ein kanonbåt, men i 1913 vart det ombygd til mineleggjar,

KNM Tyr er ombygd ved Gravdal skipsbyggeri på Sunde to gonger, fyrst til tungløfteskip og seinare til ferge. Hvis du vil sjå den gamle mineleggjaren må du ta turen til Sunde.

Det var då båten vart ferge han fekk namnet Bjørn West etter Milorgbasen i Nordhordland. Han gjekk i ferjefart frå 1949 til 1980.

No er det 3 år sidan veteranbåtlaget tok over fartyet for vern.

Over er KNM Tyr slik han var i sin tid og under slik han vart ved ombyggjinga til ferge.

Av Kristian Olav Bringedal og Ola Matti Mathisen

